


**VEDTEKTER
FOR
BARNEHAGANE
I SELJORD**



Vedtatt av Seljord formannskap i sak 99/08.

1. Eigar- og driftsforhold.

Seljord kommune eig og driv barnehagane i Åmotsdal, Flatdal og i Seljord sentrum.

Barnehagane er administrativt underlagt rådmannen.

2. Grunnlag for barnehagedrifta.

Dei kommunale barnehagane vert drivne i samsvar med Lov om barnehagar med forskrifter, rammeplan for barnehagen og kommunale vedtak.

Barnehagane i Seljord kommune arbeider etter felles målsetjing som er nedfelt i den lokale rammeplanen.

Barnehagane skal ha samarbeidsorgan i samsvar med Lov om barnehagar.

Samarbeidsutvala i Tussejuv barnehage og Heddeli barnehage er samansett av 5 medlemar, medan samarbeidsutvala i Flatdal barnehage og Åmotsdal barnehage har 3 medlemar.

I tillegg er styrar med som sekretær for samarbeidsutvala i alle barnehagane.

3. Barnehagen si oppgåve.

Barnehagane skal gje barna eit godt miljø med vekt på allsidig leik og samvær med andre barn og med vaksne.

Barnehagen skal utvikle det einiskilde barns personlegdom, hjelpe barna til å utvikle evne til toleranse og til å ha omsorg for andre. Saman med heimen skal barnehagane skapa eit miljø som sikrar barna individuell og gruppevis omsorg og støtte, stimulering, læring og etisk rettleiing.

Barnehagen skal hjelpe til med å oppdra barna i samsvar med kristne grunnverdiar.

Den etiske rettleiinga barnehagen gjev, må ta omsyn til barna sin alder og mognad og heimemiljøet deira.

Barnehagen skal formidle sentrale kristne tradisjonar slik dei m.a. kjem til uttrykk ved dei store kristne høgtidene. Det vert lagt vekt på formidling av lokal tradisjon. Nynorsk målform skal så langt råd er nyttast i songar og litteratur i barnehagane i Seljord kommune.

4. Barnehagetilbodet.

Seljord kommune gjev fylgjande barnehagetilbod:

<u>Namn:</u>	<u>Tilbod:</u>	<u>Leike- og opphaldsareal</u>
Tussejuv barnehage	5, 3 og 2 dagar	324 m2

Heddeli barnehage	5, 3 og 2 dagar	244 m2

Flatdal barnehage	5, 3 og 2 dagar	79 m2

Åmotsdal barnehage	5, 3 og 2 dagar	98 m2

Tal på barn: Talet på barn som kan få plass i den enkelte barnehage, blir avgjort av godkjent leike- og opphaldsareal i forhold til arealnorma for det enkelte barn.

Opningstid: Barnehagane er opne frå kl. 07.30 til kl. 16.30.

Korttidsplass: Barn under 3 år kan få korttidsplass frå kl. 09.00-14.00. Når barnet fyller 3 år går plassen over til heildagsplass.

Alder: Barn må ha fylt 1 år før dei kan få plass i barnehagen.

Barnehagane er stengt i veke 29 og 30 og mellom jol og nyttår.

5. Søknad om opptak.

Det kan søkjast om plass for alle barn busette i kommunen.

Søknadsfrist er 1. mars. Søknad på fastsett skjema.

Søknader som kjem inn etter søknadsfristen, vert handsama i etteropptaket.

Dersom det er plass når etteropptak er avslutta, kan opptak av barn frå andre kommunar bli vurdert. Det må ikkje medføre ekstra kostnader for Seljord kommune. Opptaket gjeld for barnehageåret.

6. Opptak av barn.

- a. Barn som får plass i barnehagen, beheld denne fram til skulestart, eller til plassen blir sagt opp. Foreldre som ønskjer endringar i barnehagetilbodet, kan søkje om dette på eige skjema. Søknadsfrist 1. mars.

Behandling av desse søknadene skjer i samband med hovudopptak.

Opptaksperioden er frå midten av august og til midten av august neste år.

Opptak av barn i Tussejuv barnehage og Heddeli barnehage blir samordna.

- b. Hovudopptak.

Eit eige utval, Utval for hovudopptak, tek opp barn etter innstilling frå styrar i den einskilde barnehagen. Utvalet består av styrarane og kommunalsjef.

Klagenemnda er klageinstans.

- c. Etteropptak.

Utval for etteropptak står for opptak til plassar som er ledige etter at hovudopptak er gjennomført, og for plassar som blir ledige i løpet av året.

Utval for etteropptak er samansett av styrar i den barnehagen det gjeld og kommunalsjef.

Klagenemnda er klageinstans.

- d. Aldersgrenser ved opptak.

Barn som ikkje har fylt 3 år innan utgangen av kalenderåret tel for 2 heile året, noko som er i tråd med gjeldande reglar for statstilskot.

Barn må ha fylt 1 år innan utgangen av august for å bli vurdert i hovudopptaket.

Alle barnehagane kan ta opp barn under 3 år. Kor mange barn under 3 år barnehagane kan ta opp, er mellom anna avhengig av korleis barnehagen er tilrettelagt for denne aldersgruppa og alderssamansetninga i barnegruppa.

- e. Prioritering ved opptak:

Følgjande barn vert prioriterte ved opptak:

- a. Funksjonshemma barn.
- b. Barn som er tilrådd av faginstans.
- c. Barn av innvandrarak som deltar i introduksjonsprogrammet.
- d. Barn av einslege forsyttarak, ein av foreldra er vekependlar, eller begge foreldra er i arbeid.

Ut over dette får det eldste barnet plass.

7. Oppstart i barnehagen – oppseiing av plassen.

Barnehageplassen gjeld frå det tidspunkt plassen er tildelt frå.

Plassen må takast i bruk innan 1 måned, elles så fell den bort.

Plass i barnehagen må seiast opp med ein månads varsel. Plassen må betalast i oppseiingstida.

Foreldre som skal ha barna sine i barnehagen neste barnehageår, kan ikkje seie opp plassen berre for sommarferien.

8. Bemanning.

Barnehagane skal ha ei grunnbemanning på 2 pedagogiske leiarar og ein fagarbeidar/assistent pr. 18 barn, når barna er over 3 år.

For barn under 3 år gjeld tilsvarende grunnbemanning for 9 barn.

Barnehagen si samla bemanning blir regulert av ein bemanningsplan vedtatt av administrasjonsutvalet.

9. Planleggingsdagar.

Personalet i barnehagane i Seljord kommune har 5 planleggingsdagar i barnehageåret.

Barnehagane er stengt på planleggingsdagane.

10. Betaling.

Seljord kommunestyre fastset foreldrebetalinga.

Foreldrebetalinga skal betalast til Seljord kommune, økonomiavdelinga.

Utgifter til kost kjem i tillegg og er etter sjølvkostprinsippet.

For plass i barnehagen vert det betalt for 11 månader, 5 om hausten og 6 om våren.

Barn som får spesialpedagogisk hjelp etter Opplæringslova, § 5-7, får reduksjon i foreldrebetaling i høve til tida som barnet får spesialpedagogisk hjelp.

Det er 50 % syskenmoderasjon.

Når foreldre tek barn ut av barnehagen for ein måned eller meir p.g.a. sjukdom, kan dei få fritak frå betaling for det samme tidsrommet etter søknad.

Manglande betaling kan føre til at plassen blir oppsagt.

11. Arealutnytting.

Seljord kommune har fylgjande norm for arealutnytting:

4,0 m² leike- og opphaldsareal pr. barn over 3 år og 6,0 for barn under 3 år.

12. Internkontroll.

Barnehagane følgjer Seljord kommune sine vedtekne internkontrollrutinar, med tilpassing til barnehagane si verksemd.

13. Delegering.

Rådmannen kan gjere endringar i vedtektene som er av administrativ karakter.

Tussejuv barnehage,
Brøløsvegen 8
3840 Seljord.
Tlf. nr. 35 065180/81/82.

Flatdal barnehage,
Flatdalsvegen. 1139
3841 Flatdal.
Tlf. nr. 35 05 13 65.

Heddeli barnehage,
Gullnesvegen. 13
3840 Seljord.
Tlf. nr. 35 05 13 52/51/53.

Åmotsdal barnehage,
Åmotsdalsvegen. 1253
3841 Flatdal.
Tlf. nr. 35 05 13 75.

